

Samleskjema for litteratur

Metode						Resultat		
Artikkel nr.	Årstall	Studiedesign/	Utval/størrelse	Intervensjon	Kommentarar	Funn	Konklusjon	Relevans/overføringsverdi
1. Warren M. A hierarchical model of evaluation and treatment of visual perceptual dysfunction in adult acquired brain injury, part 1.	1993	Review. Fagartikkel i tidsskrift for ergoterapeutar.	Utvalde artiklar omfattar studiar av vaksne med hjerneslag og traumatisk hovudskade.		Beskrivelse av metode er mangelfull. Metode for litteratursøk er ikkje beskrive. Mangler studier for validitet og reliabilitet av modellen.	Teoretisk beskrivelse av hierarkisk modell for forståelse av den visuelle kognitive prosessen. Bottom-up modell.	Utfall på høgare nivå i den visuelle kognitive prosessen kan ha bakgrunn i skade på meir grunnleggande nivå. Kartlegging på grunnleggande nivå vert difor viktig.	Beskrivelse av den visuelle prosessen i ein hierarkisk modell kan relaterast til klinisk kvardag og medverka til å forstå viktigheten av å kartlegge synsvanskar på eit grunnleggande nivå. Litteraturen er frå 1993, men er framleis brukt som teoretisk ramme for kartleggingsverktøy brukt i klinisk praksis. Nyare litteratur som er beskrive seinare i samleskjema viser til denne modellen.
2. Warren M. A hierarchical model of evaluation and treatment of visual perceptual dysfunction in adult acquired brain injury, part 2.	1993	Fagartikkel i tidsskrift for ergoterapeutar	Utval er vaksne med erverva hjerneslag, inkludert hjerneslag.		Artikkelen handlar om ein hierarkisk modell for kartlegging og behandling av synsvanskar. Metode for litteratursøk er ikkje beskrive. Referanseliste omfattar litteratur frå områda ergoterapi, nevrologi og optometri. Ingen studiar av reliabilitet og validitet.	Beskrivelse av ergoterapi-kartlegging og -behandling av synsvanskar med den hierarkiske modellen som ramme.	Tradisjonelle ergoterapeutiske kartleggingsverktøy kartlegg ofte visuell persepsjon og -kognisjon. Identifisering av vanskar på lavt nivå i den hierarkiske modellen vil medføre spontan betring på høgare nivå. Med bruk av modellen vil terapeuten også kunne grunngje val av tiltak.	Artikkelen beskriv korleis kartlegging av synsvanskar hos pasientar med hjerneslag kan utførast. Litteraturen er frå 1993, men er framleis i klinisk praksis. Kartleggingsreidskapet Brain Injury Visual Assessment Battery for Adults (biVABA) er utvikla med bakgrunn i den hierarkiske modellen.

<p>3. Zoltan B. Visual processing skills. Kapittel 3 i Vision, perception and cognition – a manual for the evaluation and treatment of the adult with acquired brain injury, 4. utgave.</p>	<p>2007</p>	<p>Kapittel i fagbok for helsepersonell.</p>	<p>Kapittelet beskriv spesifikk kartlegging og behandling av synsvanskar etter erverva hjerneskade basert på to modellar for forståing av visuell persepsjon; «Warren’s hierarchal model of visual processing» er brukt av ergoterapeutar, medan «modified information processing theory» er mest brukt av augelegar. Forfattern viser til at informasjonen er funnen gjennom forskning og samarbeid med ekspertar på området.</p>		<p>Bakgrunn for boka er manglande kunnskap om visuelle, kognitive og perseptuelle utfall. Referanseliste viser til aktuell forskning og omfattar litteratur frå områda ergoterapi, nevrologi og optometri, mellom anna fleire gonger til Warren sin litteratur.</p>	<p>To modellar for forståing av visuell persepsjon. Konkret og detaljert beskrivelse av kartlegging og behandling av ulike synsvanskar. Deltestar i biVABA er også brukt. Sjekkliste for samtale med pasient der det er mistanke om synsvanskar.</p>	<p>Ergoterapeutisk kartlegging bør inkludere både kartlegging av spesifikke utfall og den visuelle kognitive prosessen.</p>	<p>biVABA er aktuell å velje for å systematisere kartlegging av synsvanskar etter hjerneslag i akutfase. «Visual symptoms checklist» er utprøvd i slageininga og omsett til norsk for lokal bruk.</p>
<p>4. Scheiman M. Understanding and managing vision deficits – a guide for Occupational Therapists, 3. utgave.</p>	<p>2011</p>	<p>Fagbok for ergoterapeutar. Eige kapittel om synsvanskar assosiert med erverva hjerneskade.</p>	<p>Fleire ekspertar på området synsvanskar har bidratt med kapittel i boka.</p>		<p>Referanseliste viser til aktuell forskning og omfattar litteratur frå områda ergoterapi, nevrologi og optometri. Det er også vist til Warren sin litteratur. Siste utgåve av boka er oppdatert på og viser til nyare forskning med relevans for handtering av synsvanskar.</p>	<p>Ein tre-komponent synsmodell; visuell integritet, visuell effektivitet og visuell informasjonsprosess (persepsjon). Presentasjon av ergoterapi-reiskapar for klinisk bruk.</p>	<p>Ergoterapeuten bør kartlegge synsvanskar som påverkar pasienten si utføring av daglege aktivitetar. Det er viktig med omfattande vurdering av synsfunksjonen så snart som mogleg etter hjerneslag. Ergoterapeutar bør forstå kompleksiteten i synsfunksjonen,</p>	<p>Kartlegging av pasienten si utføring av daglege aktivitetar har hovudprioritet på slageinigane. Det er behov for meir systematisk kartlegging av synsvanskar og korleis desse påverkar aktivitetsutføringa, samt fokus på henvisning vidare til andre relevante faggrupper som augelege og synspedagog slik forfattern av denne boka beskriv. Boka medverkar til teoretisk forståing av synsprosessen og har konkrete kartleggingsverktøy.</p>

							og bør samarbeida med andre relevante faggrupper.	
5. Warren M. Evaluation and treatment of visual deficits following brain injury. Kapittel 24 i Pedretti's Occupational Therapy practice skills for physical dysfunction, 7.utgave	2013	Kapittel i fagbok for ergoterapeutar.		Beskriver kartlegging og behandling av synsvanskar etter erverva hjerneskade med bakgrunn i teori om hierarkisk modell for visuell kognisjon.	Kapittelet er vidareutvikling av innhaldet i artikkel 1 og 2, utvida med resultat frå nyare forskning. Beskriv korleis synsvanskar etter erverva hjerneskade påverkar pasienten si utføring av daglege aktivitetar, samt forklarar korleis synsvanskane kan kartleggjast. Referanseliste viser til aktuell forskning og omfattar litteratur frå områda ergoterapi, nevrologi og optometri.	Artikkelen omtalar konkret korleis ulike synsvanskar har konsekvensar for utføring av ulike aktivitetar. Konkrete forslag til kartlegging av synsvanskar. Ressursliste med nettadresser for å skaffe testutstyr, mellom anna biVABA.	Det er viktig å observera pasienten sin funksjon i daglege aktivitetar. Kartlegging av synsvanskar må rettast mot funksjon på alle nivå i den visuelle prosessen med vekt på grunnleggande visuelle funksjonar, visuell oppmerksomhet og søkestrategi.	Vi vurderer biVABA som eit aktuelt screeningsverktøy for å kartlegge grunnleggjande synsfunksjonar i slageining. Testen er omfattande i heilskap men deler av testen kan brukast åleine. Verktøyet kan kjøpast frå USA og finns berre i engelsk og spansk versjon. Nokre leseoppgåver må omsetjast til norsk.
6. Gillen G. Managing visual and visuospatial impairments to optimize function. Kapittel 16 i Stroke rehabilitation – a function-based approach, 3. utgave	2011	Kapittel i fagbok for helsepersonell.	Ingen forskingsstudier. Beskrivelse av kartlegging av synsvanskar ut frå forståing av visuell kognisjon som ein hierarkisk prosess.		Forfattaren diskuterer synsvanskar og daglege aktivitetar. Referanseliste omfattar litteratur frå områda ergoterapi, nevrologi og optometri, viser m.a. til Warren.	Forklaring av synsvanskar og forslag til kartleggingsoppgåver. biVABA vert vist til som eksempel på screeningverktøy med standardiserte undersøkingar for synsfunksjonar som er viktige i visuell persepsjon.	Det blir anbefalt å kartlegge grunnleggande synsfunksjonar før eller på same tid som ein kartlegg på høgare kognitivt nivå.	Det er aktuelt å bruka biVABA i slageiningane for å kartlegge grunnleggande synsfunksjonar i tillegg til å observera pasienten sin funksjon i daglege aktivitetar.

Styrkeskjema

Studie	Styrker	Svakheter	Ev. GRADE/evidensnivå
1. Warren M. A hierarchical model of evaluation and treatment of visual perceptual dysfunction in adult acquired brain injury, part 1.	God beskrivelse av det teoretiske grunnlaget som består av ein hierarkisk modell for forståing av visuell kognisjon. Modellen er nært knyta opp til praksis. Nyare studiar viser til denne modellen kan tyde på at han vert oppfatta som "gullstandard".	Mangelfull beskrivelse av metode. Mangler studier for validitet og reliabilitet av modellen. Artikkelen er av eldre dato.	Svak anbefaling.
2. Warren M. A hierarchical model of evaluation and treatment of visual perceptual dysfunction in adult acquired brain injury, part 2.	God grunngjeving for val av testprosedyre. Kartleggingsverktøy er tydeleg knyta til beskrivelse av den hierarkiske modell for den visuelle prosess. Kartleggingsverktøy i denne artikkelen er vist til i all aktuell faglitteratur som er omtalt i samle- og styrkeskjema.	Mangelfull beskrivelse av metode for litteratursøk. Mangler studier for validitet og reliabilitet av modellen. Artikkelen er av eldre dato.	Svak anbefaling.
3. Zoltan B. Visual processing skills. Kapittel 3 i Vision, perception and cognition – a manual for the evaluation and treatment of the adult with acquired brain injury.	Fleire forfattarar med relevant ekspertkunnskap har bidratt. Teoretisk grunnlag og kartleggingsverktøy er beskrive i samanheng. Fleire teoriar er presenterte og samanlikna.	Beskrivelse av forskingsgrunnlaget er mangelfull. Presentasjon og samanlikning av fleire teoriar viser ikkje til forskning som er bakgrunn for samanlikninga.	Svak anbefaling.
4. Scheiman M. Understanding and managing vision deficits – a guide for occupational therapists.	Fleire forfattarar med relevant ekspertkunnskap har bidratt. Litteraturen er retta spesifikt mot ergoterapeutar som er målgruppa for retningslinja. Viser til relevant forskning som er av nyare dato.	Beskrivelse av forskingsgrunnlaget er mangelfull.	Svak anbefaling.
5. Warren M. Evaluation and treatment of visual deficits following brain injury kapittel 24 i Pedretti's occupational therapy practice skills for physical dysfunction.	Teoretisk grunnlag og kartleggingsverktøy er beskrive i samanheng. Litteratur om hierarkisk modell og biVABA av nyare dato. Litteraturen er retta spesifikt mot ergoterapeutar som er målgruppa for retningslinja.	Beskrivelse av forskingsgrunnlaget er mangelfull.	Svak anbefaling.

<p>6. Gillen G. Managing visual and visuospatial impairments to optimize function. Kapittel 16 i Stroke rehabilitation – a function-based approach.</p>	<p>Fleire forfattarar med relevant ekspertkunnskap har bidratt.</p>	<p>Beskrivelse av forskingsgrunnlaget er mangelfull då det manglar beskrivelse av teoretisk modell.</p>	<p>Svak anbefaling.</p>
---	---	---	-------------------------